

## Møteprotokoll for Levekårsutvalet

**Møtedato:** 24.05.2016  
**Møtestad:** Rådhuset, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 14:40

Orienteringar:

- Organisering av Helse og Omsorg v/kommunalsjef Leni Dale

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Asle Hetlebakke	KRF	Utvalseiar
Stina Vabø Mongstad	AP	Nestleiar
Dag Henning Valdersnes	KRF	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Henning Fyllingsnes	H	

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ørjan Raknes Forthun-rådmann, Kristin Moe-kommunalsjef for oppvekst, Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Øyvind Stang-einingsleiar for kultur, Eileen Feste-kulturkonsulent, Nora Gjerde-sekretær.

## Sakliste

Saknr	Tittel
031/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
032/16	Godkjenning av møteprotokoll
033/16	Klage på vedtak om skulestad
034/16	Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune

- 035/16 Vidare utvikling av Bjørn West museet og deltaking frå Lindås kommune  
036/16 Kulturmidlar - hovudtildeling vår 2016  
037/16 Melding/orientering til Levekårsutvalet

### **031/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

### **24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Endring i rekkefølge saksliste. Sak 031, 032, 037, 033, 035, 036, 034.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

### **LE - 031/16 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

---

### **032/16: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Møteprotokoll frå møte 26.04.2016 vert samrøystes godkjent.

### **LE - 032/16 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 26.04.2016 er godkjent.

---

### **033/16: Klage på vedtak om skulestad**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

På bakgrunn av dei nye opplysningane som er framlagde, vert klagen teken til følgje. Barnet får skuleplass ved Knarvik barneskule frå august 2016. Foreldra har sjølve ansvar for skuleskyssen, og dekkar kostnaden med den. Vedtaket gjeld for eitt år, eller fram til flytting til Knarvik barneskulekrins er realisert.

#### **24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **LE - 033/16 VEDTAK:**

På bakgrunn av dei nye opplysningane som er framlagde, vert klagen teken til følgje. Barnet får skuleplass ved Knarvik barneskule frå august 2016. Foreldra har sjølve ansvar for skuleskyssen, og dekkar kostnaden med den. Vedtaket gjeld for eitt år, eller fram til flytting til Knarvik barneskulekrins er realisert.

---

#### **034/16: Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret vedtar «Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019» med «Delplan for arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019».

Dette inneber å busette 23 fleire flyktningar i 2016 enn det som er budsjettert, og deretter respektive 31, 41 og 43 fleire flyktningar enn det som var planlagt i kvart av dei tre neste åra. Desse tala inkluderer ikkje einslege mindreårige flyktningar.

Både i 2016 og i 2017 vil Lindås kommune busette 10 einslege mindreårige flyktningar under 15 år, i nyoppretta bufellesskap.

#### **24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/rådmann-Ørjan Raknes Forthun

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst (Øystein Moldeklev-Frp).

#### **LE - 034/16 UTTALE:**

##### **Uttale i Levekårsutvalet - 24.05.2016:**

Kommunestyret vedtar «Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune 2016-2019» med «Delplan for arbeidet med busetjing av einslege mindreårige flyktningar i Lindås kommune 2016-2019».

Dette inneber å busette 23 fleire flyktningar i 2016 enn det som er budsjettert, og deretter respektive

31, 41 og 43 fleire flyktningar enn det som var planlagt i kvart av dei tre neste åra. Desse tala inkluderer ikkje einslege mindreårige flyktningar.

Både i 2016 og i 2017 vil Lindås kommune busette 10 einslege mindreårige flyktningar under 15 år, i nyoppretta bufellesskap.

---

## **035/16: Vidare utvikling av Bjørn West museet og deltaking frå Lindås kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Det årlege tilskotet til Bjørn West museet vert auka frå kr.5000.- til kr. 20.000.- for perioden 2016 – 2019.

#### **24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/einingsleiar for Kultur Øyvind Stang

Rådmannen la fram eit alternativt framlegg i møte.

#### **Rådmannen sitt alternative framlegg:**

- 1). Lindås kommune held fram samarbeidet med Bjørn West-museet.*
- 2). Lindås kommune støttar Bjørn West-museet med kr. 20.000 i 2016. Kr. 15.000 av dette tilskotet vert henta frå disposisjonsfondet.*
- 3). Lindås kommune støttar Bjørn West-museet med kr. 20.000 per år i perioden 2017-2020. Dette blir tatt med i arbeidet med økonomiplan for 2017-2020.*

Framlegget vart samrøyste vedteke.

#### **LE - 035/16 UTTALE:**

##### **Uttale i Levekårsutvalet - 24.05.2016:**

- 1). Lindås kommune held fram samarbeidet med Bjørn West-museet.*
- 2). Lindås kommune støttar Bjørn West-museet med kr. 20.000 i 2016. Kr. 15.000 av dette tilskotet vert henta frå disposisjonsfondet.*
- 3). Lindås kommune støttar Bjørn West-museet med kr. 20.000 per år i perioden 2017-2020. Dette blir tatt med i arbeidet med økonomiplan for 2017-2020.*

---

**036/16: Kulturmidlar - hovudtildeling vår 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Levekårsutvalet vedtek rådmannen sitt forslag om tildeling av kulturmidlar – hovudtildeling våren 2016.

**24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/kulturkonsulent Eileen Feste

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**LE - 036/16 VEDTAK:**

Levekårsutvalet vedtek rådmannen sitt forslag om tildeling av kulturmidlar – hovudtildeling våren 2016.

---

**037/16: Melding/orientering til Levekårsutvalet**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering.

**24.05.2016 LEVEKÅRSUTVALET**

Orientering til saka v/kommunalsjef Kristin Moe

Høyringsdokumentet "HFK sin skulebruksplan 2017-2030" vart ettersendt utvalet før møte.

**LE - 037/16 VEDTAK:**

Meldinga er teke til orientering.

---

